




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Hustadvika vgs

Årsmelding skoleåret 2023-24



# Innholdsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkelopplysningar om skolen</b>	<b>4</b>
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	5
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	6
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>9</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	9
3.1.1 Skolens lokale handlingsplan	9
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	12
3.2.1 Det førebyggjande arbeidet for å sikre eit godt og trygt læringsmiljø	15
3.2.2 Drømmeskole-modellen	16
3.2.3 Trivsel	17
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	22
3.3.1 Vurdering for læring	22
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>28</b>
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	28
4.2 Karaktersnitt	33
4.3 Fråvær	34
4.4 Elevar som har slutta	35
4.5 Overgangar	39
4.5.1 Overgangar mellom skoleslag og trinn	39
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>42</b>

# 1. Rektor har ordet

Hustadvika vgs er ein mellomstor, kombinert vidaregåande skole som hovudsakeleg rekrutterer elevar frå Hustadvika kommune, men vi har og elevar frå Molde, Aukra, Averøy og Gjemnes. Skolens arbeid med skolebasert vurdering er forankra i fylkesstrategien for kvalitet i vidaregåande opplæring, oppdragsavtalen til skolen og skolens eigen, lokale handlingsplan.

Vi har arbeidd systematisk og forskingsbasert for å sikre elevane eit inkluderande skolemiljø sidan 2016 bl.a. ved å gi kompetanseheving til dei tilsette på temaet og ikkje minst gjere lærarane bevisst på kor viktig det er å ha eit positivt elevsyn, høge forventningar og tru på potensialet i elevane.

Skoleåret 2023-2024 tok vi dette arbeidet eitt skritt vidare ved å innføre ein metodikk som er kalla Drømmeskolen. Denne metodikken er basert på teoriar om deltakande læring og handling, anerkjennande kommunikasjon, LØFT, Ung-til-Ung-metoden og PYD (Positive Youth Development). Ein viktig del av metodikken handlar om å involvere elevane sjølve i arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø ved at eldre elevar blir elevmentorar for dei nye VG1-klassane.

Felles arbeidstid mellom dei tilsette er brukt til å auke samarbeidet på fleire område. Refleksjon over eigen praksis i fellestida via seksjonsmøte, avd.møte, tverrfaglege møte, personalmøte og studiedagar har vore forsøkt knytt m.a. til eit tettare samarbeid på tvers av programfag- og fellesfag og mellom lærarane og miljøpersonalet.

Kunstig intelligens (KI) blei lansert i november 2022. Dette representerer ei særleg utfordring for vurderingsarbeidet i skoleverket, og som vi må arbeide mykje med i åra framover. Vi har begynt dette arbeidet med tanke på å få elevane til å reflektere rundt bruken av KI. Det er viktig å lære elevane at ein ikkje kan stole blindt på svara ein får, og at

ein må bruke KI på riktig måte som t.d. som ein sparringspartner i læreprosessen. KI kan altså bli som ein personleg rettleiar for elevane som er tilgjengeleg og svarar på spørsmål til alle døgnets tider.

Vidare ser vi at talet på elevar med stort fråvær og som sluttar har auka noko frå førre skoleår. Derfor har vi jobba førebyggjande med nærværarbeid for å fange opp elevar med bekymringsfullt fråvær. Vi utvikla eigne retningslinjer for dette arbeidet som består av fem nivå etter alvorsgraden på fråværet.

Skolen vår er blant dei beste i fylket når det gjeld formidling av yrkesfagelevar til læreplassar og/eller lære kandidatplassar. Samarbeid med arbeidslivet er godt, og vi har utvikla dette samarbeidet til faste karriereskule og samarbeidsmøte på leiarnivå.

Samla sett hadde vi eit godt skoleår i 2023-24. Gjennomføringsprosenten blei på 85.1% som innfrir målet om minst 85% gjennomføring. Resultata frå elevundersøkinga var svært gode. På VG1 hadde vi det tredje beste resultatet på godt læringsmiljø. Dette viser at forventningane som er sett i oppdragsavtalen til skolen, er innfridd.

Dei tilsette ved skolen har stort fagleg fokus med god fagleg tyngde. Dette gjeld både pedagogisk og ikkje-pedagogisk tilsette. Vi har dyktige og engasjerte lærarar og miljørettleiarar som skaper ein god læringskultur for elevane og som gjer at elevane trivst, blir motivert og stimulert til å arbeide med fag for å utvikle seg og oppleve meistring.

Eg har stor respekt for personalet, det gode arbeidet dei gjer og alt det dei oppnår med elevane sine.


Arne Tjelle, rektor

18.10.2024

## 2. Nøkkelopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	64
Tal på årsverk i leiarstillingar	7
Tal på årsverk andre tilsette	19 (14 i 2. halvår)



Skolen hadde 90 tilsette i 1. halvår og 85 tilsette 2. halvår inkludert vikarar – 38 % menn og 62% kvinner.

Leiinga hadde 7 tilsette.

Driftsstab hadde 19 tilsette:

- 11 miljørettlearar
- 5 reinhaldarar i 1. halvår (overført til BYE i 2. halvår)

- 2 merkantil
- 1 bibliotekar

Det pedagogiske personalet bestod av 64 tilsette:

- 21 lektorar m/tilleggsutdanning
- 4 lektorar
- 23 adjunktar m/tilleggsutdanning
- 13 adjunktar
- 3 lærarar

## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	30	17	34	81
Naturbruk	23	24		47
Teknologi og industrifag	47	29	2	78
Helse og oppvekstfag	33	28		61
Restaurant og matfag	15	15		30
YSK BA		4		4
PB			22	22
Total	148	117	58	<b>323</b>
Jobbsjansen Del B - Opplæring i grunnskolefag for minoritetsspråklege ungdommar.				<b>7</b>

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	27
---	----

Elevgrunlaget er nokså stabilt godt på yrkesfag. Naturbruk har vore oversøkt i lang tid, og er det utdanningsprogrammet det er vanskelegast å kome inn på. Vi har elles hatt ekstra klassar på VG 1 fleire år på rad både i Teknologi- og industrifag og Helse- og oppvekstfag. Også på Restaurant- og matfag har vi hatt god søking dei siste åra.

YSK/Teknologi og industrifag har hatt stabil og god søking etter at tilbodet blei lagt tilbake, medan YSK-Byggfag har hatt låg søking.

På VG1 Studiespesialisering har talet på inntatte elevar vore nokolunde stabilt dei siste åra:

År:	Elevtal VG 1 Studiespesialisering
2022 – 2023	22
2023 – 2024	26
2024-2025	18

Dette betyr at det berre har vore elevgrunnlag nok til ein klasse på studiespesialisering på alle tre trinna dei tre siste åra. Dette utdanningsprogrammet er særst viktig for skolen for å sikre eit godt og variert skolemiljø med både yrkesførebuande og studieførebuande tilbod. I tillegg sikrar klassen at det er ei relativt jamn fordeling mellom talet på gutar og jenter på skolen sidan fleirtalet på studiespesialisering er jenter. Det gjer også at YSK-tilbodet kan slåast saman med studiespesialiseringssklassen i teorifaga. Slik samkjøring mellom klassar er også vanleg på andre skolar med berre ein klasse pr. trinn på studiespesialisering.

## 2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

### 2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2022-23	2023-24	Fylket 2023-24
0 eller ingen	2,2%	12,6%	6,3%
0 – 25	1,5%	4,4%	2,8%

25 – 30	5,9%	6,7%	5,9%
30 – 35	17,0%	15,6%	11,7%
35 – 40	17,8%	19,3%	17,4%
40 – 45	22,2%	20,0%	21,4%
45 – 50	20,0%	13,3%	19,4%
Over 50	13,3%	8,1%	15,1%

### 2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Hustadvika vgs	40,1	39,1	41,7	40,6	39,0
Fylket	41,1	42,3	42,2	42,5	41,4

### 2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Vi ser her at vi over tid har lågare grunnskolepoeng på VG 1 enn snittet elles i fylket. Dette året var grunnskolepoenga markert lågare enn åra før. Det er derfor viktig å sjå samanhengen mellom føresetnader og resultat . Vi hadde fleire elevar med høgt fråvær og fleire elevar som slutta enn på mange år. Dette forklarar noko av årsaka til at vi har lågare gjennomføringsprosent enn snittet elles i fylket. Dette blir nærmare forklart i kap 4.1.4.

Det er naturbrukselevane som skil seg klart ut med høgast grunnskolepoeng (4,4).

Vi er svært bevisst på samfunnsmandatet vårt som handlar om å ta vare på alle elevane våre og tilpasse opplæringa slik at dei opplever meistring ut frå sine føresetnader.



Med lågare grunnskolepoeng enn snittet i fylket over tid har skolen god erfaring med å skape eit inkluderande skolemiljø. Lærarane strekkjer seg langt for å tilpasse undervisninga både for ordinære elevar og for dei med vedtak om spesialundervisning. Vi har vore ein dysleksivennleg skole sidan 2015, og dette kan vere ein av mange faktorar som gjer at tilpassing til den enkelte eleven er noko som gjennomsyrrer skolekulturen vår. Vi trur også at Drømmeskole-modellen støttar godt opp under eit inkluderande læringsmiljø.

I tillegg har vi utvikla gode system for «skreddarsaum» for elevar som har mål om grunnkompetanse (ikkje mål om å få karakter). Dei kan få karakter i programfag på yrkesfag, medan dei får alternativ opplæring i fellesfaga utan karakter.

Vi har utvikla eit godt system for å fange opp bekymringsmeldingar frå lærarane til elevtenesta/ressursteamet/nærværsteamet vårt om korleis det går med elevar som er sårbare av ulike grunnar. Dette teamet svært kompetent og aktivt. Vi har også god tilgang på helsesjukepleiar som gir samtalar og følgjer opp elevar med psykososiale utfordringar.

Alt dette trur vi er årsaka til at elevane våre gir oss «toppkarakterar» i Elevundersøkinga.

## 3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

### 3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Hovudintrykket av elevundersøkinga er altså svært god sidan resultatet viser at vi har det tredje beste læringsmiljøet blant skolane i fylket når det gjeld samla skår på alle læringsmiljøindikatorane frå VG 1 til VG 3.

Spesielt er vi nøgd med at vi er blant skolane med minst mobbing (2,3% på VG 1), og markert mindre mobbing enn snittet i fylket (5,3% på VG 1) og landet (6,1% på VG 1).

Dei nye elevane våre på VG1 er og mellom dei som har høgast trivsel og som gir oss ein skår som gjer at vi er blant dei beste skolane i fylket når det gjeld både vurdering for læring, støtte frå lærarane og læringskultur. I tillegg er vi blant skolane som skårar best av alle på felles regelhandtering.

Desse gode resultatata kjem av eit langsiktig og systematisk arbeid med kvaliteten på opplæringa og skolemiljøet med utgangspunkt i fylkesstrategien for kvalitet, skolens oppdragsavtale og vår eigen, lokale handlingsplan:

#### 3.1.1 Skolens lokale handlingsplan

Mål:	Tiltak:
Alle elevar skal oppleve motivasjon, lærelyst, meistring og tru på seg sjølv.	<b>Bruke ulike arbeidsformer, vurderingsformer</b> , praktiske metodar,

	<p>djupnel�ring, tverrfaglege prosjekt, ulike l�remiddel og digitale verkty. Vidareutvikle <b>dysleksivennleg undervisning</b>.</p> <p><b>Utvikle retningslinjer for � f�rebyggje ufrivillig skolefr�v�er.</b></p>
Skolen skal ha eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og l�ring for alle.	<p><b>Gjennomf�re Dr�mmeskole-modellen.</b> Vidareutvikle ein <b>autoritativ l�rarrolle og felles regelhandtering</b>. Vidareutvikle skolens innsatsteam mot mobbing og involvere personalet og elevane i dette arbeidet.</p>
Alle elevar skal oppn� grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter etter sine f�resetnader.	Gi elevane oppl�ring i l�ringsstrategiar – m.a. via <b>leseaksjonen</b> . Integrere dei grunnleggjande ferdigheitene i undervisninga.
<b>God elevdeltaking i oppl�ringa.</b>	<b>La elevane vurdere eige og medelevars arbeid og reflektere over eigen innsats undervegs i undervisninga og i elevsamtalane.</b>
Gode, varige samarbeidsstrukturar med kommunane n�r det gjeld overgangen mellom ungdomsskole og vidareg�ande oppl�ring.	Arrangere overgangsm�te mellom elev/f�resette/usk og skolen f�r skolestart og regelmessige m�te mellom skolen og grunnskolane i skole�ret.
Oppl�ring i l�rebedrift og arbeidsliv skal gi praktisk erfaring og relevant kompetanse og f�rebuing til dei faglege krava og forventningane som blir stilt i arbeidslivet.	<b>Samarbeide med n�ringslivet</b> gjennom bl.a. avtalar om utplassering.
Det pedagogiske personalet skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap der l�rarar og	<b>Reflektere over eigen praksis</b> i fellestida via seksjonsm�te, avd.m�te, tverrfaglege

<p>leiarar reflekterer over felles verdiar og vurderer og vidareutviklar sin praksis.</p>	<p>møte, personalmøte og studiedagar knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>tettare samarbeid på tvers av programfag- og fellesfag</b></li> <li>• <b>tettare samarbeid mellom lærarane og miljøarbeidarane</b></li> <li>• <b>felles vurderingspraksis</b></li> <li>• <b>ta i bruk kompetanseløftet for spesialpedagogikk</b></li> </ul>
---	---

God skoleutvikling handlar om å halde stø kurs og tenke langsiktig. Derfor har vi «slanka» handlingsplanen vår for fleire år sidan og halde fast på det vi meiner er svært viktig for å utvikle kvaliteten på opplæringa. Det fungerer ikkje å satse på noko eitt år og så kaste seg over eit heilt anna satsingsområde det neste året.

Sjølv om vi har komprimert ned handlingsplanen vår, består han framleis av svært mange område. Vi må arbeide med alle desse områda kontinuerleg gjennom heile skoleåret, men somme av det har vi prøvd å prioritere ekstra i år (med tjukk skrift).

Stikkordet for god skoleutvikling er uansett auka samarbeid på alle plan – både mellom lærarane, mellom leiarane og lærarane, mellom lærarane og miljøpersonellet, mellom lærarane og elevane, mellom elevane og internt i leiargruppa.

Dei viktigaste tiltaka skolen har for å skape eit trygt og godt læringsmiljø er:

- Autoritativ lærarrolle
- Felles regelhandtering
- VIP makkerskap
- Drømmeskole-modellen
- Hybelprosjekt (sosial møteplass for hybelbuarar)

- Miljøskapande fellesaktivitetar
- Kurs til VG1-elevane om god psykisk helse (tankevirus-kurs)
- Markering av verdsdagen for psykisk helse
- Skolens innsatsteam mot mobbing
- Mobbeknappen
- Presentasjon av elevtenesta og skolens haldning til mobbing/utestenging og rus for alle nye elevar ved oppstart på hausten
- Svært god tilgang tenester frå helsesjukepleiar samanlikna med dei andre skolane
- Helsestasjon for ungdom med tilgang til legetenester
- Inkluderande russetid

Resultatet frå elevundersøkinga og undervisningsevalueringa blir alltid systematisk presentert og drøfta med elevane. Elevundersøkinga blir diskutert klassevis saman med kontaktlæraren. Alle kontaktlærarar sender framlegg til tiltak for eit bevarings- og eit forbetningsområde for sin klasse til avdelingsleiar i løpet av januar. Vi ber alltid spesielt om at varsla om mobbing må undersøkast nøye i dei klassane der dette blir meldt. Elevrådet diskuterer dei samla resultatata for skolen og drøftar tiltak saman med rektor.

Ressursteamet fungerer som innstasteam mot mobbing. Teamet blir alltid kopla på ved alvorlege mobbesaker, tiltak blir sett i verk og evaluert slik at eit godt og trygt læringsmiljø blir gjenoppretta.

## **3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet**

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	3
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Lærarane sender raskt bekymringsmeldingar til ressursteamet som har faste, regelmessige møte kvar veke og sender raskt tilbakemelding til meldar om kva tiltak som blir sett i verk. Døme på tiltak kan vere: samtale med rådgivar/helsesjukepleiar, møte med elev/føresett, PPT observerer læringsmiljøet, tilvising til PPT for utgreiing (t.d. dysleksi) eller sakkunnig uttale eller møte med eksterne (BUP, vaksenhab o.l.)

Avdelingsleiarane deltar regelmessig i møte med ressursteamet.

Koordinatoren for spes.ped. har møte med avdelingane om utforminga av dei individuelle opplæringsplanane, halvårsvurderinga og årsvurderinga av desse.

Nitidig digital loggføring av oppfølgingsarbeidet overfor kvar einskild elev i eit tofaktor-identifiserings-datasystem (IOP sky) sikrar kontinuitet i tiltaka og heilskapleg tenking

Skolen har låg terskel for å kalle inn til møte med føresette for å diskutere tiltak. Vi har eit godt og tett samarbeid med PPT, helsesjukepleiar, BUP og vaksenhab.

I tillegg har vi møte om dei individuelle opplæringsplanane til elevar med spesialundervisning der også miljøpersonellet deltar. Ved å involvere fleire i IOP-arbeidet og legge opp til faste IOP-møte, sikrar vi betre kvaliteten på det arbeidet vi gjer for elevar med spesialundervisning. Vi trur også det vil bidra til at alle får eit meir bevisst forhold til kva som er målet for opplæringa og kva eleven treng. For elevar som er særskilt sårbare, er dette ein viktig måte å skape felles forståing, kunnskap og inkludering i forhold til den enkelte eleven.

Representanten frå Oppfølgingstenesta (OT) er også rådgivar ved skolen. Det positive med dette er at OT er til stades ved klassemøta og sit i ressursteamet på skolen. Dette gjer at OT kjem tidleg inn i det førebyggjande arbeidet med risikoelevar for å motivere til

å halde fram på skolen.

Vi har gått frå å tenkje at årsakene til det å slutte på skolen ikkje berre ligg hos eleven, men på å avklare elevens utfordringar og korleis vi som skole kan sjå moglegheiter og organisere tilbodet deretter.

Vi organiserer arbeidet slik at både elevane og lærarane opplever låg terskel og tilgjenge samtidig som det er lagt vekt på å gi rask respons til dei lærarane som sender bekymringsmeldingar til teamet.

Hustadvika kommune stiller i tillegg opp med gode ressursar til skolehelsetenesta, og elevane våre opplever betre tilgang på skolehelseteneste enn dei fleste andre skolane i fylket.

Kommunen tilbyr Helsestasjon for ungdom med tilgang til gratis legekonsultasjonar på skolen og det som tidlegare blei kalla Rask Psykisk Helsehjelp, men som no heiter «kortvarig psykisk helsehjelp». Desse jobbar spesielt mot angst og depresjon og søvnevanskar av mild til moderat art. Skolen kan også vise elevar til psykisk helseteam for barn og unge i kommunen (Meistringseininga).

Kommunen tilbyr og gratis vaksine til avgangselevane på skolen.

Helsesjukepleiar har elles opa dør som elevane set stor pris på. Ho samarbeider med NOK og politi om informasjon til russen og kjører tankeviruskurs saman med PPT til alle VG 1-klassane. Ho har også undervist om seksualitet både for ungdomane sjølv på Alternativ Opplæring og i Helse- og oppvekst-klassane spesielt retta mot yrkesutøving til helsefagarbeidar-klassen og barne- og ungdomsarbeidar-klassen. Ho deltar elles i i ressursteam ved behov og samarbeider godt med leiinga og føresette der det er naturleg.

## 3.2.1 Det førebyggjande arbeidet for å sikre eit godt og trygt læringsmiljø

Å sikre eit godt og trygt læringsmiljø er noko vi altså er svært opptatt av. Vi har gradvis etablert god kompetanse i kollegiet på dette med hjelp frå Læringscenteret i Stavanger.

Personalet er kursa om temaet på personalseminar, planleggings dagar og fellesmøte (lært om metodar som stoppsamtale, snumetode og bruk av den digitale ikkje-anonyme spørjeundersøkinga Spekter). Vi har også vore pilotskole for utprøving av Skolens innsatsteam mot mobbing (SIM).

Nulltoleranse mot mobbing handlar ikkje om at det ikkje finst mobbing på skolen vår, men at vi gjer det vi kan for å oppdage og hindre at mobbing skjer. Lærarane gjer rom for prøving og feiling (lærarane slår ned på ironi, latter og negative kommentarar/kroppsspråk frå medelevar når elevar seier/gjer feil).

VIP Makkerskap er også eit godt tiltak mot mobbing. I starten av skoleåret blir dei nye klassane konsolidert. VIP Makkerskap sikrar læraren autoritet og god klasseleiing frå dag ein ved at læraren bestemmer kvar elevane skal sitte og korleis makkerpara/makkergruppene er sett saman. Mange usikre og sårbare elevar har takka oss for dette tiltaket fordi det var trygt å sleppe å måtte finne plassen sin i klassen sjølv – både konkret og meir i overført tyding. På denne måten styrer læraren kven som skal arbeide saman etter ein rulleringsplan. Dermed sikrar ein at alle elevar blir kjent med fleire ulike medelevar på ein systematisk måte.

Det vart laga tre skriftlege planar med bakgrunn i aktivitetsplikta jf. § 9A-4 i opplæringslova. Det vart ikkje fatta nokon enkeltvedtak knytt til at tilsette krenka elevar eller knytt til det fysiske miljøet ved skolen.



## 3.2.2 Drømmeskole-modellen

Dette er ein tiltaksmodell for å fremje god psykisk helse, inkludering og livsmeistring, Modellen er utarbeidd av organisasjonen Voksne for Barn. Det er i dag større erkjenning og meir dokumentert forskning på kor viktig den psykososiale sida av læringsmiljøet er. Lærarens relasjon til elevane og i kor stor grad elevane opplever at dei er trygge, høyrer til og meistrar skolegangen er svært viktige faktorar i synet på læring. Psykisk helse og læring er to sider av same sak.

Målet er å skape eit læringsmiljø der elevane opplever å bli sett, inkludert og får brukt ressursane sine slik at den psykiske helsa til den enkelte eleven blir fremja.

Delmål:

- å etablere rammer og verktøy for eit heilskapleg arbeid med det psykososiale læringsmiljøet
- å auke kompetansen hos tilsette om korleis ein kan jobbe for å fremje god psykisk helse, inkludering og livsmeistring
- å styrke relasjonen mellom elevar og mellom elevar og tilsette
- å styrke elevanes oppleving av å høyre til og meistre skolegangen
- å auke elevanes motivasjon for å fullføre og bestå
- å bruke elevane som ressurs i eit systematisk arbeid for å fremje eit godt læringsmiljø

Denne modellen er konkret, praktisk og handlingsorientert og er nært knytt til det som spesielt kontaktlærarane opplever som sine sentrale oppgåver. Dermed er ikkje dette eit ekstra arbeid, men eit «stillas» for å hjelpe lærarane med å ta ansvaret for det førebyggjande arbeidet. På denne måten vil dette arbeidet forhåpentlegvis gjennomsyre all aktivitet på skolen i endå større grad enn det allereie gjer.

### 3.2.2.2.1 Elevmentorar:

Det er ein sentral idé i Drømmeskolen at elevane skal vere ein aktør i skolens arbeid med å fremje inkludering, god psykisk helse og livsmeistring. Elevmentorane er derfor hjartet i modellen. Hovudoppgåva deira er å bidra til at medelevar føler seg sett og ivaretatt når dei er på skolen. Viktige oppgåver vil vere å:

- ta imot nye elevar når dei begynner på skolen
- bidra til å skape samhald og gode relasjonar i nye klassar
- lage aktivitetar på skolen som skaper inkluderande møteplassar

Elevmentorne blir rekruttert frå elevar på 2. og 3. trinn. Dei får ein helt spesiell rolle som førebilete for andre elevar på skolen. Dei må derfor ha eigenskapar som kvalifiserer dei til slike leiaroppdrag.

### 3.2.3 Trivsel

Trivselen blant elevane våre er blant den beste på skolane. Autoritativ klasseleiing med felles regelhandtering basert på varme relasjonar er avgjerande for å skape denne trivselen i kvardagen. Vi arrangerer også innskolingsdagar med sosiale samankomstar dei første skoledagane i året, VIP makkerskap, Drømmeskole-aktivitetar og treff etter skoletid for dei som bur på hybel.

Rett før vinterferien arrangerer vi volleyballturnering og den siste skoleveka før sommarferien legg vi opp til ulike sosiale arrangement som t.d. aktivitetsdagar, strandrydding osv. Siste dag før jul og sommar har vi ulike avslutningsarrangement.

Vi hadde ny, ekstern drivar av kantina (Bud Bakeri AS) som elevane sette stor pris på. Både prisane og vareutvalet var elevvennlege. Dessverre gjekk bakeriet konkurs sommaren 2024.

Vi har og investert i mykje nytt utstyr til elevane dei siste åra både i klasseromma, kantine, bibliotek og andre fellesområde.

## 3.2.4 Læringskultur

Spørsmåla elevane skulle svare på, var formulert slik:

- Det er god arbeidsro i timane
- Mine lærarar synest det er greitt at vi elevar gjer feil fordi vi kan lære av det
- I klassen min synest vi det er viktig å jobbe godt med skolearbeidet

Arbeidsro er avgjerande for å kunne prestere godt på skolen. Elevane melder om at det er god arbeidsro på skolen. Vi er svært glad for at elevane generelt opplever læringsmiljøet så godt hos oss. Arbeidet vårt for eit trygt og godt læringsmiljø er truleg ein av årsakene til at elevane opplever dette.

Klassereglar blir diskutert i starten av skoleåret i alle klassar. Det er viktig å konkretisere ordensreglementet og skolens felles "husreglar" ned på detaljnivå. Det er mange detaljar som ikkje er omtalt i ordensreglementet som t.d. korleis praktisere mobilforbodet, korleis ein skal avtale å gå frå undervisninga for å ha time hos helsesjukepleiar, rådgivar og/eller avd.leiar osv. Korleis vil vi ha det i denne klassen? Kva er OK å seie til kvarandre?

For skolen samla sett har vi hatt ei jamn positiv utvikling på denne indikatoren frå raud hausten 2013 til grøn dei siste åra. Dette betyr at arbeidet med klassereglar har fått meir merksemd og at elevane i mykje større grad no deltar i å lage klassereglar. Elevane våre opplever også at lærarane er blant dei mest samkjørte av alle skolane når det gjeld felles regelhandtering.

## 3.2.5 Tilpassa opplæring/inkluderande praksis

Vi arbeider systematisk for å tilpasse opplæringa til den enkelte, og dette arbeidet er blitt intensivert i samband med fagfornyninga. I det nye læreplanverket blir nettopp variert undervisning løfta fram for å sikre at opplæringa skal skape meir motivasjon og lærelyst

og dermed føre til betre gjennomføring.

Tilpassingane gjeld både læremiddel, nivå-differensiering, visuell støtte, det å forklare lærestoffet på ulike måtar, gi utvida tid på prøver og gi tilbod om munnlege vurderingssituasjonar o.l.

Tilpassingane av fellesfaga på yrkesfaglege utdanningsprogram skjer i tillegg i stor grad gjennom yrkesretting av desse faga. Fellesfaglærarane og programfaglærarane på yrkesfag samarbeider om å gjere lærestoffet i fellesfag så yrkesretta som mogleg. Somme fellesfaglærarar blir også med klassen sin inn i programfagstimane for å få ei betre forståing av yrkesfaget, men dette er svært tidkrevjande. Vi har derfor ikkje ein systematisk plan for dette samarbeidet enno, men temaet er godt forankra i kollegiet og det skjer derfor mykje godt samarbeid likevel.

Vidare gir vi som kjent tilbod om alternativ opplæring til elevar med rett til spesialundervisning og som har behov for omfattande tilrettelegging utover det som ein gir i ordinære klassar pga sterkt nedsett psykisk og/eller fysisk funksjonsevne. Elevane kan søke på alle dei ulike utdanningsprogramma våre og få tilpassa opplæringa utifrå det utdanningsprogrammet dei er tatt opp ved. Det langsiktige målet er at desse elevane skal bli mest mogleg sjølvstendig på skolen, heime og i fritida og få utvikla evnene sine slik at han/ho kan få eit godt liv.

Opplæringa til desse elevane avvik frå ordinær opplæring, men elevane deltar i dei ordinære klassane etter funksjonsnivå. Det blir og lagt vekt på læring av ferdigheiter som er viktige for sosial fungering eller som har noko å seie i høve arbeidsferdigheiter. Nokre av desse elevane som dels er elevar i ordinære klassar (skreddarsydde kombiløp), kan derfor også få standpunktvurdering med karakter i fag frå vgo. Nokre har fått det i t.d. programfag på yrkesfag. Alle elevar får kompetansebevis frå vgo som dokumenterer elevens kompetanse ved slutten av opplæringa.

Desse skreddarsydde kombiløpa påverkar gjennomføringsprosenten negativt sidan dei ikkje hadde vore med i grunnlaget for gjennomføringsstatistikken når dei i utgangspunktet har grunnkompetanse som mål (vurdering utan karakter). Det er likevel svært viktig å gi dei eit slik tilbod sidan dei får ta ut potensialet sitt i somme fag på denne måten.

Tilpassa opplæring i klasserommet er også prega av at vi er ein dysleksivennleg skole. Vi var først ute i fylket om å bli sertifisert som dysleksivennleg (allereie i 2015) og framleis er det berre ein annan vidaregåande skole i fylket som er det (Borgund vgs i 2021).

Vi har kartlagt leseferdigheitene til alle nye elevar sidan 1994. Over tid viser det seg at om lag 20 % av elevkullet ikkje har eit adekvat lesetempo når dei byrjar hos oss, men nasjonale tal tilseier at ca berre 5 % av desse har dysleksi. Dei resterande 15 % har derfor ikkje dysleksi, men manglar eit funksjonelt lesetempo pga av svake kunnskapar om og ferdigheiter i leseteknikkar og manglande øving i å lese. Derfor har vi ein fast, årleg leseaksjon for å stimulere til mengdelesing og dermed betre leseferdigheiter.

Ressursteamet vårt har arbeidd fram ein idebank over dysleksivennlege metodar som er diskutert i kollegiet og som vi har tatt inn i handboka vår for rutinar ved skolen. Desse metodane handlar i stor grad om grunnleggjande pedagogiske metodar som gagnar alle elevane i klassen, men som er særst viktige for dyslektikarar. Dette kan vere å skape eit godt læringsmiljø, ha tydeleg klasseleiing, ha god struktur på undervisninga, lære elevane studieteknikk, bruke digitale hjelpemiddel og ikkje minst ha gode relasjonar til dyslektikarane m.a. ved å unngå stigmatisering, signalisere at dette ikkje har noko med intelligens å gjere og å vere tolmodig overfor dyslektikaren.

Vi prøver ut programvare og nettressursar som er bra for alle elevar og som i stor grad gjer opplæringa meir tilpassa den einskilde eleven. Dette er videosnuttar, omvendt

undervisning, lydbøker, lydfiler spela inn av læraren, opplesing av digital tekst, bruk av digitale tankekart, retteprogram, digitale ordbøker og bruk av dysleksivennleg font/skrifttype osv. På denne måten føler ikkje dyslektikarane seg stigmatisert i så stor grad som tidlegare.

Skolen har i tillegg sett av ein ressurs til ein rådgivar for å drive opplæring på egne lisensierte digitale hjelpemiddel overfor dyslektikarane. Vi har også kvalifisert to av spesialpedagogane våre til å bli sertifiserte for å teste ut om eleven har dysleksi. Kvart år oppdagar lærarane elevar som har gått "under radaren" på tidlegare trinn. Det er berre PPT som kan sette diagnosen, men vi treng ikkje hjelp frå PPT i like stor grad som før sidan vi har egne kvalifiserte fagfolk til å undersøke om ein elev har dysleksi. Dette gjer at avklaringa kjem mykje raskare enn om ein måtte ta heile prosessen gjennom PPT. Leiinga held fokus på dette temaet for at det skal ha prioritet i klasserommet.

### **3.2.6 Internasjonalisering**

Vi deltok på eit samarbeidsprosjekt med Norra Reals gymnasium i Stockholm med støtte frå Nordplus-programmet dette skoleåret. Prosjektet blei gjennomført dels i Narvik og dels i Abisko i Nord-Sverige. Det var elevane på VG 1 ST som fekk tilbodet om å delta.

Elevane fordjupa seg i temaet berekraftig utvikling. Saman med Abisko Naturvetenskapliga station fekk elevane lære om dei arktiske delane av landa våre og korleis klimaendringane påverkar desse områda. Elevane jobba saman med klimaforskarar og utførte mellom anna målingar av permafrost. På denne måten fekk elevane unik innsikt i korleis ein jobbar med klimaforskning i arktiske område. Dei fekk også lære om samisk kultur og om korleis samisk kultur blir påverka av både klima- og samfunnsendringar. I tillegg til dette fekk elevane eit pedagogisk opplegg ved Narvik Krigsmuseum.

Elevane jobba i grupper med både norske og svenske elevar, og slik fekk dei også sjansen til å få auka kunnskap om og interesse for nabospråket svensk.

Slike internasjonale samarbeidsprosjekt verkar også positivt inn på læringsmiljøet for disse elevane.

### 3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skolemiljøutval	6
Møter i skoleutval	

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Ja

#### 3.3.1 Vurdering for læring

Elevane våre svarar at skolens vurderingspraksis er betre enn gjennomsnittet i fylket.

Å utvikle ein felles vurderingspraksis er eitt av satsingsområda i vår lokale handlingsplan og som vi derfor håper har gitt uttjeljing hos elevane. Skolen har over tid arbeidd med vurdering for læring, og vi skal halde fram med dette i åra som kjem. Dette er eit langsiktig arbeid som krev at leiinga set dette på dagsorden og ryddar tid til det i arbeidskvardagen i fellestida.

Arbeidet skjer gjennom systematisk og kontinuerleg refleksjon over eigen

praksis på ulike møteplassar for lærarane. Vi har laga gode retningslinjer for korleis lærarane skal utøve vurdering for læring. Elevane er involvert i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling. For å gjere kollegiet bevisst på temaet, har vi slått saman dei fire prinsippa for vurdering for læring til tre. Som hugseregelen seier vi at på vår skole driv vi med vurdering for læring på 1-2-3:

1. elevane blir involvert i fag/mål/vurderingskriterium
2. elevane får tilbakemeldingar om kva som er bra/korleis gjere det betre
3. eigenvurdering blir integrert som ein naturleg del av undervisninga

I løpet av skoleåret drøfta vi korleis vi konkret skal endre på vurderingspraksisen slik at han blir meir integrert i den ordinære undervisninga. For å skape meir motivasjon og lærelyst, trekker vi elevane meir med i både planlegginga, gjennomføringa og evalueringa av undervisninga. Dette handlar om å:

- sikre at elevane forstår kva det blir lagt vekt på når skolearbeidet blir vurdert
- sikre at elevane forstår kva som krevst for å oppnå dei ulike karakterane i faget
- foreslå vurderingskriterium i faget/arbeidsoppgåva
- foreslå korleis dei skal arbeide med faga: velje innhald, arbeidsmåtar, presentasjonsformer osv.
- vurdere eige og kvarandre sine skolearbeid
- hjelpe elevane med å tenke gjennom korleis dei utviklar seg i faget og foreta eigenvurdering (studieteknikk/leseaksjonen) t.d. via klassenotatblokk i O365

For å skape betre motivasjon og lærelyst, tonar vi også ned talet på karakterar undervegs og heller observerer og samtidig vurderer det faglege arbeidet til elevane i løpet av undervisningstida. Dette skjer ved uformelle tilbakemeldingar både før, undervegs og etter ei arbeidsøkt.



Vidare arbeider vi med at vurderinga må vere basert på fleire og ulike undervisningsmetodar med spesiell vekt på praktiske og mest mogleg røyndomsnære oppgåver.

Kunstig intelligens (KI) har utfordra vurderingspraksisen for alle skolar. Det er derfor viktig å lære elevane å bruke KI på rett måte. Det handlar i stor grad om å lære elevane til å reflektere rundt korleis dei kan bruke KI som ein «hjelpelærer/leksehjelp», og ikkje minst gjere dei merksame på svakheitene med verktøyet. Elevane må vere merksame på at fakta eller kjeldetilvisingar ikkje alltid er korrekte. Vi har starta dette arbeidet, men må sette av mykje meir tid i åra som kjem.

Vi brukar kollegabasert rettleiing for å vidareutvikle eigen praksis på dette feltet.

Møteplassane for kollegaretleiing er ulike som t. d. tverrfaglege møte, klassemøte, fagseksjonsmøte, avdelingsmøte, tolærarsystem og kollegabesøk. Lærarane set pris på at desse møta blir markert på møteplanen, og svært mange gir spesielt gode tilbakemeldingar på diskusjonane i dei tverrfaglege møta. Dette er også i tråd med forventningane frå skoleeigar om å gjere møta meir relevante for lærarane og å gå på jakt etter tidstjuvar. Når møta har god struktur med innkalling, sakliste og referat og dels med bruk av IGP-metoden (individuell-gruppe-plenumsdebatt), melder lærarane frå om at møta blir opplevd som nyttige.

Ulikheitene i erfaring og kunnskap er avgjerande for den gode pedagogiske og didaktiske debatten – både fagleg og tverrfagleg. Vi har sett av møtetider på den enkelte lærar sin arbeidsplan slik at alle lærarar deltar både i fagseksjonsmøte og tverrfaglege møte.

Vurderingspraksisen blir meir og meir utvikla gjennom faglege og tverrfaglege møteplassar mellom lærarane for kvart år som går og gjennom undervegsvurderinga i klasseromma.

Leiinga ved skolen støttar aktivt det profesjonelle læringsfellesskapet mellom lærarane,

og både leiinga, lærarar og elevar deltar i arbeidet. Vi treng likevel meir kompetanse i korleis vi skal bruke forsking og resultat i dette utviklingsarbeidet i åra framover. Det er derfor svært bra at skoleeigar har halde fokus på dette utviklingsarbeidet over tid og på den måte støtta skolane i dette viktige arbeidet.

### 3.3.2 Elevdemokrati og elevmedverknad

Det er fire spørsmål elevane skal svare på i denne indikatoren:

- Er de elevar med på å foreslå korleis de skal arbeide med faga?
- Legg lærarane til rette for at de elevar kan delta i elevrådsarbeid og anna arbeid som tillitsvalt?
- Høyrer skolen på elevane sine forslag?
- Er de elevar med på å lage reglar for korleis de skal ha det i klassen/gruppa?

Dette temaet er eit satsingsområde i fylkeskommunen. Kompetansesjefen har initiert ein kampanje på alle vidaregåande skolar som har munna ut i ein plakat som heng i alle klasserom og praksislokale der rettane til elevane er opplista både når det gjeld elevmedverknad og vurdering for læring. Prosjektet blir kalla "Plakatprosjektet". På vår skole har vi løfta dette fram i ulike fora, og punkta på plakaten byggjer opp under dei interne retningslinjene våre for god pedagogisk praksis.

Desse fire spørsmåla ovanfor handlar om medverknad rundt tre tema: arbeidsmåtar i faga, klassereglar og elevrådsarbeid. Dersom elevane opplever at dei ikkje lærer noko, blir dei oppmoda til å seie frå om dette slik at klassen og læraren kan diskutere arbeidsmetodane i faget. Det er læraren som er pedagogen her og må ha det avgjerande ordet, men elevane skal kunne kome med konstruktiv kritikk slik at læraren eventuelt justerer/endrar på opplegget sitt.

Vi arbeider systematisk og kontinuerleg for å fremje helse, trivsel, inkludering og læring og har gode rutinar som sikrar saksbehandling i tråd med lov og forskrift, mellom anna kapittel 9A i opplæringslova, både når det gjeld elevane sitt psykososiale miljø og det fysiske miljøet.

Leiinga bidrar aktivt til at saker som gjeld elevane sin skolekvardag blir behandla i elevrådet og skolemiljøutvalet. Medverknaden skjer mellom anna gjennom dette rådet og utvalet på skolen, organisering av undervisninga, val av aktivitetar, vurderingsarbeid og velferdstiltak.

Den fylkeskommunale undervisningsevalueringa er eit eksempel på slik elevmedverknad. Også denne undersøkinga sluttar opp om det same inntrykket som elevundersøkinga gir. Elevane er jamt over svært nøgd med undervisninga som blir gitt. Resultatet blir diskutert med faglæraren i den undervisningsgruppa som er blitt evaluert der dei blir samde om eit bevaringsområde og eit forbetningsområde med tiltak. Dette blir deretter tema i medarbeidarsamtalen.

### **3.3.3 Elevrådsarbeidet**

Elevrådet hadde seks møte i løpet av skoleåret. Det bidrar til å skape eit godt læringsmiljø, gode arbeidsforhold og sikrar velferdsinteressene til elevane. Skolen bidrar aktivt til at saker som gjeld elevane sin skolekvardag blir behandla i elevrådet. Elevane melder om at elevrådet hadde høve til å påverke skolemiljøet og gjorde eit godt arbeid på skolen. Skolen legg til rette for skolering av tillitsvalte via elevorganisasjonen, elev- og lærlingeombodet, diverse konferansar m.m.

Elevrådsstyret ser til at elevane får informasjon om ulike arrangement som har noko å seie for skolemiljøet og trivselen på skolen. Elevrådet/leiar brukar sosiale medium for å nå alle tillitsvalte i tillegg til at dei legg ut info på infoskjermene og den digitale læringsplattforma. Elevrådet planlegg også all aktivitet i lag med styret om Operasjon

Dagsverk (OD) og drøftar andre elevaktivitetar som turneringar, ryddeaksjonar, aktivitetsdag og liknande arrangement som t.d. markeringa av verdsdagen for psykisk helse. Her koplar vi på helsefagklassane i lag med helsesjukepleiar.

**Elev-HMS:** Vi har valt å ha elevverneombod frå alle utdanningsprogram i tillegg til å ha tillitsvalte. På vår skole er skolemiljøutval og skoleutval samanslått. Skoleutvalet er utvida ved at elevverneomboda er med i dette utvalet slik at dei er i fleirtal. Utvalet hadde fem møte.

Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet. Etter §9A-6 i opplæringslova blir utvalet halde løpande orientert om alle tilhøve som har noko å seie for skolemiljøet, og dei blir så tidleg som mogleg tatt med i planlegging og gjennomføring av miljøtiltak ved skolen. Dei regelmessige møta gjer at leiinga på denne måten lett fangar opp kva som rører seg blant elevane både når det gjeld det psykososiale og fysiske læringsmiljøet.

Elevverneomboda deltar i kartlegginga av arbeidsmiljøet, går vernerundar saman med verneleiar og blir kjent med og kommenterer mål og handlingsplan. Dei kjenner til kven som er ansvarleg på dei ulike områda og kjenner sitt eige ansvar i høve til HMS-området. Skolen har ei lokal elevhandbok i HMS som inneheld prosedyrar, tiltak og faglege prinsipp som skal følgjast av dei tilsette ved skolen. Gode planar er ikkje berre avhengig av at det skriftlege dokumentet er oppdatert. Derfor held vi temaet aktuelt både blant elevane og personalet. Dei tilsette må kvart år sjå om det arbeidet dei gjer overfor elevane er i samsvar med elevhandboka.

Elevane som har alternativ opplæring pga svært store hjelpebehov deltar ikkje i elevundersøkinga fordi ho blir vurdert som for vanskeleg å svare på. I staden får desse elevane tettare oppfølging kvar dag av lærarane og miljørettleiarane enn dei andre

elevane. I tillegg har skolen ein tett kontakt med heimen til desse elevane via eit system med loggføring.

Desse elevane blir derfor høyrde og får medverke i skolekvardagen gjennom denne tette oppfølginga. Behova og ønska deira blir rakare fanga opp av dei vaksne rundt desse elevane enn for dei ordinære elevane og tiltak blir sett inn.

## 4. Skoleårsresultat

### 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

#### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2023-24, prosent	85,1%
--	-------

#### 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
NA	100%	91,7%		97,8%
TP	82,6%	93,1%	-	85,7%
HO	66,7%	82,1%		73,8%
PB			90,9%	90,9%
RM	75%	80%		77,8%
BA		100%		100%
ST	78,3%	88,2%	82,4%	82,4%
Total	81,5%	89,6%	82,4%	<b>85,1%</b>

#### 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
--	---------	---------	---------	---------	---------

Hustadvika vgs	91,0%	88,6%	88,3%	88,9%	85,1%
Fylket	91,2%	91,4%	89,6%	89,6%	87,5%

#### 4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen har ein gjennomføringsprosent på 85,1%. Dette oppfyller målet i oppdragsavtalen på minimum 85% gjennomføring. Sjølv om vi har ein liten nedgang frå 22/23, er gjennomføringa på yrkesfagleg vidaregåande utdanning ved vår skole særst god i høve til føresetnadene. Landsgjennomsnittet for gjennomføring på yrkesfaglege skolar ligg nærare 70 %.

Skolen er opptatt av samfunnsmandatet vårt. Derfor er det viktig å minne om at skolen har ei balansert målstyring ved at vi vurderer resultatane opp mot føresetnadene til elevane. Vi meiner altså at det er svært viktig å auke fullføringsgraden, men vi meiner det er endå viktigare å vere ein inkluderande skole og tilpasse opplæringa til elevane på ein slik måte at dei fullfører utan karakterar i alle fag i staden for at dei sluttar undervegs i skoleåret pga mangelfull tilpassing. Dette betyr at vi kan ha gitt mange elevar eit godt skoleår trass i at desse elevane har påverka gjennomføringsstatistikken negativt.

Det er spesielt gjennomføringsgraden på HO, RM og ST som er låg. Årsaka er samansett, men dei viktigaste faktorane er følgjande:

- mange hadde låge grunnskolepoeng
- somme hadde dette utdanningsprogrammet som andre eller tredje ønske
- somme gjorde omval til eit nytt utdanningsprogram
- somme valde å ta skoleåret over to år
- somme søkte om permisjon pga sjukdom, arbeid o.a.
- somme fekk IV (ikkje vurdering) pga fråværgrensa

- somme var minoritetsspråklege elevar med mangelfulle norskkunnskapar

Lærarane hadde store utfordringar med å undervise elevar som ikkje kan norsk. Elevane prøvde å bruke omsetjingsprogram på PC/mobiltelefon, men i direkte dialog med lærar blei det svært vanskeleg å kommunisere med elevane. Dei fekk tilbod om særskilt språkopplæring, men det dekkjer ikkje det store behovet for å lære norsk i løpet av skoleåret. I tillegg fekk dei tilbod om å ta grunnskoleopplæring på nytt (Jobbsjansen Del B) for å gjere dei betre studieførebudd, men det takka dei nei til fordi det sinka utdanninga deira med eit år. Dette er ein eigen klasse (finansiert frå staten) som gir opplæring i grunnskolefag for minoritetsspråklige ungdommer nettopp for å gjere dei betre studieførebudd før dei byrjar på vidaregåande opplæring.

Motivasjon og meistring blir ofte utfordra med slike føresetnader. Dette resulterte nok i at det blei svært stort fråvær på desse utdanningsprogramma:

<b>HO</b>	<b>Fråvær</b>
VG 1:	10,4%
VG 2:	14,0%

<b>RM:</b>	<b>Fråvær:</b>
VG 1:	6,4%
VG 2:	14,5%

<b>ST</b>	<b>Fråvær:</b>
VG 1:	12,6%
VG 2:	5,8%
VG 3:	12,6%

I vår lokale handlingsplan hadde vi allereie bestemt oss for å utarbeide retningslinjer for korleis forebygge bekymringsfullt fråvær. Då vi såg kor stort fråværet blei, skjønnte vi at

dette arbeidet måtte prioriterast. Desse nye retningslinjer er omtalt i kap 4.4.4, og vi håper at praktiseringa av desse skal få ned fråværet til neste skoleår.

Som nemnt i kap 3.2.5 tilbyr vi skreddarsaum til dei elevane med størst læringspotensiale blant dei med store hjelpebehov. Dette skjer ved at dei får fellesfagundervisninga på basen for alternativ opplæring utan karakter, men deltar i ordinære klassar i programfaga på yrkesfag med karakter. Dette påverkar også gjennomføringsprosenten vår ved at dei blir registrert med IV (ikkje vurdering) – altså ikkje fullført og bestått.

Dei 46 elevane som ikkje gjennomførte og bestod skoleåret, kan delast inn i fire hovudgrupper:

### **1. Karakteren 1 med rett til ny, utsett eller særskilt eksamen (NUS) (7 elevar):**

Det er spesielt våre nye landsmenn som har vanskar med å bestå alle faga. Det er fellesfaga norsk, engelsk og matematikk på yrkesfag som oftast ikkje blir bestått. Desse elevane hadde rett til ny, utsett eller særskilt eksamen (NUS-eksamen). Dei fleste av desse har svart at dei vil ta ein slik eksamen hausten 2024.

Eit mindretal av elevane som fekk karakteren 1 brukar ikkje retten sin til å ta denne hausteksamenen av ulike grunnar: somme har spesialundervisning og kan få fagbrev med karakteren 1 i inntil to fellesfag likevel, nokre går om att og nokre vil ta eksamenen seinare.

### **2. Ikkje vurdering (16 elevar):** Dei fleste av desse fekk IV pga av fråværsgrensa.

Nokre fekk IV pga skreddarsaum til ein del elevar med store hjelpebehov (fellesfag utan vurdering på basen for alternativ opplæring, men bestått karakter i programfag i ordinære klassar).



**3. Sluttarar (13 elevar):** sjå eigen omtale av desse i kap 4.4.3.

**4. Elevar som framleis held på (10 elevar):** Dette er elevar som har fått innvilga utvida tid/skoleåret over to år pga ulike hjelpebehov. Med bakgrunn i fullføringsreformen så vil vi truleg sjå ein auke i mengda av denne typen elevar i åra framover. Sjølv om desse elevane påverkar gjennomføringsprosenten negativt pr. skoleår, så vil denne moglegheita om utvida tid bidra positivt til at fleire fullfører på lengre sikt.

Konklusjonen på skolens analyse er at det inkluderande læringsmiljøet truleg er ein viktig årsak til at vi maktar å nå målet om gjennomføringsprosent på minst 85% trass i at føresetnadane til elevane dette skoleåret hos oss var markert lågare enn snittet i fylket på fleire år. Vi skal likevel prøve å ha endå tettare oppfølging av dei sårbare elvane i åra som kjem – sjå nye retningslinjer for å førebyggje bekymringsfullt fråvær i kap 4.4.4.

## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Naturbruk	4,72
YSK/Byggfag	4,5
Teknikk og industriell produksjon	4,20
Studiespesialisering	4,03
Helse og oppvekst	3,98
Restaurant- og matfag	3,93
Påbygging	3,73

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Hustadvika vgs	4,22	4,23	4,20	4,12	4,14
Fylket	4,22	4,26	4,24	4,21	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolens karaktersnitt har vore ganske likt med fylkessnittet dei siste åra. Det er høgast karaktersnitt på naturbruk. Her har elevane også høge inntakspoeng og presterer jamt over svært godt. Dette er ei praktisk utdanning, og opptakskrava har vore diskutert sidan det er dei elevane med best grunnskolepoeng som konkurrerer seg inn på utdanninga. Det høge karaktersnittet syner at elevane meistrar svært godt denne praktiske opplæringa trass i at det er dei presumptivt teoristerke elevane som konkurrerer seg inn.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	10,4	26,7	8,4%
Vg1	9,1	26,7	7,6%
Vg2	10,3	24,3	8,0%
Vg3	13,7	31,8	11,1%

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Hustadvika vgs	3,6%	2,6%	2,6%	7,6%	8,4%
Fylket	3,5%	2,5%	2,7%	6,5%	7,0%

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Det gjennomsnittlege totalfråværet var på 8,4% og er høgare enn for fylkeskommunen.

Målet i fylkesstrategien for kvalitet er at fråværet skal være lågare enn 4,5%.

Vi har gode retningslinjer for oppfølging av fråvær, men vi laga nye, innskjerpa retningslinjer dette skoleåret. Sjå kap 4.4.4 nedanfor.

Vi sender m.a. ut varsel om fare for ikkje vurdering ved 5 % udokumentert fråvær. Dette kan bety at varsel kan bli sendt ut etter ein dags fråvær i fag med få veketimar, t.d. kroppsøving. Udokumentert fråvær på berre ein skoledag utgjør nemleg ca. 5% av fagtimane pr. termin når dei to veketimane er ein dobbeltime.

## 4.4 Elevar som har slutta

### 4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023-24

Prosent	Tal
4,2%	13

### 4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24
Hustadvika vgs	1,2%	3,4%	3,3%	1,2%	4,2%
Fylket	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%

### 4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Vi hadde auke i talet på sluttarar dette skoleåret. Fordelinga av desse er spreidd ut over alle utdanningsprogramma. Somme av dei var ikkje primærsøkjarar til det utdanningsprogrammet dei var tatt inn på, nokre få andre var tatt inn med fortrinnsrett. Årsakene er individuelle og samansette, men fellesnemnaren for mange av dei er manglande motivasjon kombinert med stort fråvær og sjukdom av ulik art. Nokre få slutta fordi dei bytta skole og andre igjen hadde fått seg arbeid.

Det var sett inn mange ulike tiltak for å forebygge at dei slutta, men utan at vi lukkast med dette for desse 13 elevane.

### 4.4.4 Retningslinjer for å førebyggje

#### **bekymringsfullt fråvær**

Ressursteamet vårt fungerer som eit nærværsteam. Teamet er samansett av avd.leiar for elevtenesta., rektor, spes.ped.koordinator, rådgivarar, representant for oppfølgingstenesta (OT), PPT-representant og helsesjukepleiar.

Teamet har faste møte kvar veke, og medlemmene har kontor saman i ein eigen del av skolen, noko som legg til rette for systematisk og koordinert samhandling, tett oppfølging av elevar og rettleiing av lærarane og miljøpersonellet. Sidan både rektor og avd.leiar sit i teamet, representerer desse linken inn til resten av leiargruppa. Arbeidet er såleis godt forankra i leiinga.

Vi har jobba systematisk med nærværarbeidet over tid ved hjelp av ulike tiltak for å få ei god oversikt over sårbare elevar og dermed hindre fråfall. Dette skoleåret laga vi nye og innskjerpa retningslinjer for å førebyggje bekymringsfullt frávær.

### **FASE 1 Førebyggje bekymringsfullt skolefrávær:**

**Mål:** *Arbeide førebyggjande med skolemiljø og fráværsoppfølging*

<b>Føring av frávær</b>	Faglærer registrerer frammøte etter kvar undervisningsøkt. Kontaktlærer er ansvarleg for at elevens frávær er oppdatert.
<b>Oppfølging av klassar/enkeltelevar</b>	Kontaktlærer skal gjennomgå fráværet til sine elevar annakvar veke i basistimen. Avdelingsleiar eller rådgivar deltar på klassemøte minst to gongar i halvåret der frávær blir tema.
<b>Drøfting av frávær på skolen</b>	Frávær skal vere tema på skolens møte i ressursteam. Leiarteam (avdelingsleiarar og rektor) går gjennom fráværføringa og skolens samla elevfrávær to gongar i halvåret.

### **FASE 2 Identifisering og kontakt:**

**Mål:** *Å oppdage fráværet tidleg*

<b>Kontakt mellom skole, kontaktlærer og heim</b>	Kontaktlærer skal kontakte elev/føresette dersom eleven: <ul style="list-style-type: none"> <li>• er borte ein dag utan å melde frå</li> <li>• ikkje kjem med dokumentasjon på fráværet innan 14 dagar</li> <li>• kjem for seint til undervisninga meir enn tre gongar</li> </ul>
---	---

<b>(Kontaktlærer)</b>	
<b>Kontakt mellom skole, kontaktlærer og heim (Faglærer)</b>	Når fråværet passerer 5% i faget skal faglærer: <ul style="list-style-type: none"> <li>• sende ut varsel om fare for IV til elev/føresette</li> <li>• sende digital bekymringsmelding til ressursteamet</li> <li>• loggføre all kontakt skolen har med elev/føresette om fråværet. Loggen skal makulerast etter at klagefristen for standpunktvurderinga er ute (juli)</li> </ul>

### FASE 3 Kartlegging, tiltak og evaluering:

Mål: Hindre utvikling av langvarig alvorleg skolefråvær

<b>Kontaktlærer kallar inn eleven og føresette til eit møte (avd.leiar/rådgivar deltar etter alvorgrad):</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegg eleven og situasjonen rundt eleven. Kontaktlærer har dialog med faglærer. I dette møtet blir det skriva ein samarbeidsavtale.</li> <li>• Kontaktlærer, eleven og føresette blir einig om tiltaka i samarbeidsavtalen</li> <li>• Kontaktlærer følgjer opp og evaluerer samarbeidsavtalen etter tre veker</li> <li>• Ressursteamet vurderer om andre instansar skal inn i saka</li> <li>• Moglege utfall: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ problemet er løyst, ytterlegare tiltak er ikkje nødvendig</li> <li>○ betring, men ikkje helt i mål, fase 3 må gjentakast</li> <li>○ meir omfattande innsats er nødvendig, gå til fase 4.</li> </ul> </li> </ul>
--	--

### FASE 4 Behov for ytterlegare tiltak (etter dei 3 – 4 første vekene):

Mål: Redusere omfanget av skolefråværet

<b>Ressursteamet gjennomfører ei utvida kartlegging av eleven og situasjonen rundt eleven ved å:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kople på eksterne instansar (fastlege, kommunal helseteneste, spesialisthelsetenesta, NAV o.l.)</li> <li>• vurdere behov for legeerklæring på fråværet</li> <li>• vurdere om eleven bør visast til PPT og meldeplikt til barneverntenesta blir drøfta</li> </ul>
--	---

<p><b>Det systematiske arbeidet rundt eleven held fram sjølv om fråværet blir langvarig.</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• rådgivar kallar inn til møte og vurderer kven av skolens faste samarbeidspartnarar som skal delta (PPT, helsesjukepleiar, OT). Kontaktlærer/avd.leiar deltar ved behov, men talet på personar i møtet må vurderast nøye og ikkje bli for mange pga belastninga det kan bli for elev/føresette</li> <li>• i møtet blir det planlagt nye tiltak rundt eleven</li> <li>• ressursteamet evaluerer tiltaka etter tre veker</li> </ul>
--	---

Praktiseringa av desse nye retningslinjene trur vi vil få ned fråværet heretter.

## 4.5 Overgangar

### 4.5.1 Overgangar mellom skoleslag og trinn

Vi arbeider systematisk med dei ulike overgangane i skolesystemet.

Vi har etablert ein varig samarbeidsstruktur med Hustadvika kommunen for å skape gode overgangar mellom dei fire ungdomsskolane og Hustadvika vgs slik at elevar og foreldre blir best mogleg budd på skolestarten og skolekvardagen hos oss.

Det er eit systematisk samarbeid med avgivar skolane. Målet med desse møta er å informere om korleis ein søker inn elevar med ulike hjelpebehov på best mogleg måte. I desse møta er det og fokus på gjensidig informasjon mellområdgivingstenesta/ rektorane i dei to skoleslaga slik at elevane allereie i ungdomsskolen blir best mogleg råda i val av utdanning og karriere.

Vi har møte kvar haust der vi får tidleg informasjon om sårbare elevar som har gitt samtykke til at vi kan få info (frå små detaljar som kven som ikkje bør gå i same klasse/ikkje bør vere makkerpar til å gi melding til fylkeskommunen om behov for ombygging av lokalane til skolen).

Vidare arrangerer vi overgangsmøte med elevar/føresette på våren før skolestart for dei som ønskjer dette. I desse møta vil det komme fram opplysningar om korleis eleven har det, kva faglege- og sosiale/emosjonelle utfordringar han/ho kanskje vil ha, og korleis dei ønskjer at skolen skal prøve å legge til rette for desse utfordringane. Det kan også bli lagt ein plan for korleis ulike prosedyrar skal utarbeidast, til dømes dersom eleven har ein medisinsk diagnose (t.d. epilepsi). I desse møta tilbyr vi treff med kontaktlærar og omvising på skolen før skolestart.

Før skolestart i august arrangerer vi også klassemøte på skolen der lærarane får



informasjon om ulike elevar som på førehand har gitt samtykke til at slik informasjon blir gitt (elevar med ulike vedleggsskjema som melder om individuelle behov).

Vi arrangerer open kveld for 10-klassingane og gir dei tilbod om å forsere fag på vidaregåande. I november er det hospiteringsperiode der alle 10.klassingane i fylkeskommunen får hospitere på to ulike utdanningsprogram.

I samarbeid med Hustadvika Næringsforum arrangerer vi ein karrierekveld for både 8. 9. og 10.-trinnet i kommunen. Dette er eit vellykka arrangement der eit mangfald av bedrifter får vise seg fram for ungdommen og starte rekrutteringsprosessen tidleg.

Gjennom YFF og utplasseringsveker får alle elevar på yrkesfag anledning til å bli kjent med lokalt næringsliv. I tillegg får vi gjennom året besøk av ulike opplæringskontor eller bedrifter som presenterer framtidige moglegheiter eller ledige lærlingplassar.

På studiespesialisering er vi opptatt av å gi elevane som ønskjer det, full fordjuping i realfaga slik at dei får spesiell studiekompetanse. Vi arrangerer studie- og yrkesretteiingsturar til NTNU og inviterer eksterne frå næringslivet til å orientere om dei mange moglegheitene elevane har etter å ha fått studiekompetanse.

## 4.5.1 Overgang til læreplassar

Vi har ein svært god formidlingsrate av yrkesfagelevane våre til læreplass. Dei fleste av dei 98 elevane som gjekk ut frå Vg2 yrkesfag hos oss våren 2024 har no fått seg læreplass i løpet av hausten 2024. I tabellen nedanfor ser ein korleis elevane frå ulike utdanningsprogram har fordelt seg pr. d.d.:

<b>Utd.program:</b>	<b>Elevtal VG2 yrkesfag:</b>	<b>Lære:</b>	<b>Påbygg/ST:</b>	<b>Omvalg:</b>	<b>Venter på læreplass:</b>
<b>YSK/BA</b>	4	100%	0%	0%	0%

<b>NA</b>	23	91,3%	4,3%	0%	4,3%
<b>TIF</b>	29	65,5%	13,8%	13,8%	6,9%
<b>HO</b>	27	29,6%	48,1%	0%	22,2%
<b>RM</b>	15	46,7%	0%	0%	53,3%
<b>SUM:</b>	<b>98</b>	<b>58,2%</b>	<b>20,4%</b>	<b>4,1%</b>	<b>17,3%</b>

Formidlingsperioden er enno ikkje over, men pr. d.d. er altså fleirtalet av VG 2 yrkesfagelevane våre allereie formidla til læreplass.

Det er grunn til å merke seg at over 20 % av yrkesfagelevane vel ta VG 3 Påbygging, og denne trenden er aukande. Det er hovudsakeleg HO-elevane som går vidare til påbyggingsklassen. Årsaka er nok at mange av desse elevane siktar mot yrke som krev høgare utdanning som sjukepleiar, vernepleiar, barnevernspedagog, barnehagelærer, lærar og liknande.

## 5. Leiing og profesjonsutvikling

Skolens arbeid med skolebasert vurdering er forankra i fylkesstrategien for kvalitet i vidaregåande opplæring, oppdragsavtalen til skolen og skolens eigen, lokale handlingsplan. Som følgje av dette har vi m.a. laga retningslinjer for god pedagogisk praksis som gjeld både klasseleiing, felles regelhandtering, god struktur på undervisninga og vurdering for læring. Desse blir drøfta undervegs i skoleåret i både faglege og tverrfaglege møteplassar. Dei blir også følgt opp av leiinga mellom anna i medarbeidarsamtalen.

For å vurdere kvaliteten på arbeidet med leiing og profesjonsutvikling legg vi til grunn fleire indikatorar for god praksis i tråd med fylkesstrategien for kvalitet i vidaregåande opplæring:

### 5.1 Bruken av fellestida på skolen

Profesjonsutvikling er ein av dei viktigaste innsatsfaktorane for at elevar i den vidaregåande opplæringa får ei opplæring med høg kvalitet og relevans til arbeidsliv og studiar. For å ivareta alle funksjonar er det viktig at skolen har medarbeidarar med kompetanse til å kunne oppfylle dei kvalitetskrava som blir sett til leiing og drift av skolen. På skolen vår er fellestida ein arena for refleksjon og læring mellom kollegaene. Fellestida blir organisert slik at det blir både tid til faglege og tverrfaglege møteplassar. På denne måten kan vi lære av kvarandre og utvikle skolen best mogleg.

Det er ein god delingskultur ved skolen slik at det er lett å få hjelp av kollegaer gjennom kvardagslæring og god samhandling. Leiarane har avdelingsmøte med sine lærarar regelmessig i tillegg til medarbeidarsamtalar og skolevandring som verktøy i den pedagogiske leiinga. Vi har ein god leiardialog med utdanningsavdelinga som støttar

skolane i å halde fokus på god pedagogisk leiing.

## 5.1.1 Medarbeidarundersøkingar

Det er medarbeidarundersøkingar kvart tredje år. Sist undersøking var i 2021. Blant bevaringsområda etter denne undersøkinga ble det understreka kor viktig det er å bevare den indre motivasjonen og engasjementet hos dei tilsette og opplevinga av meningsfylt arbeid. Det er derfor viktig at skolen opprettheld og vidareutviklar tillitsbasert leiing i kombinasjon med sjølvleiing (jobbautonomi) innanfor tydelege rammer. Dette betyr m.a. å gi dei tilsette fridom under ansvar og fleksibilitet. Dermed byggjer vi tillit som skaper lojalitet.

Skolane i vårt fylke blir følgt godt opp av kompetanse- og næringsavdelinga (KON). Leiardialogen er tett og god med mange møtepunkt i løpet av året både gjennom felles rektormøte, regionale rektormøte, møte med den enkelte skolen og medarbeidarsamtale med kvar rektor. Dette fremjar skoleutvikling og godt samarbeid både mellom kompetansesjefen og den enkelte skole og på tvers av skolar.

## 5.1.2 Kompetanseutviklingsplan

Vi legg til grunn ein vid definisjon av kompetanseutviklande tiltak slik at dette ikkje berre er avgrensa til kurs med studiepoeng. Ulike opplegg for erfaringsutveksling og refleksjon over eigen praksis både internt og mellom skolane er viktig for å utvikle kompetansen til den enkelte og kompetansen i organisasjonen.

Lærarane har høve til å utvikle kompetanse innafor fleire fagområde via dei fylkeskommunale fagnettverka. Derfor har vi ein kompetanseutviklingsplan som både gjer greie for kva heile personalet, avdelingane og den enkelte læraren skal utvikle av kompetanse. For at vi skal kunne arbeide systematisk med dette, ajourfører avdelingsleiarane kvart år kompetanseutviklingsplanen av alle tilsette etter innspel frå medarbeidarsamtalen.

Vi har over fleire år styrka kontaktlærarfunksjonen ved å auke ressursen frå 4,49 % til 6 %.

Vi har også mentorordning for nytilsette med 2 % mentorressurs. Alle tilsette får nødvendig kompetanseutvikling gjennom til dømes vidareutdanning, etterutdanning, leiarsamlingar, fagnettverk, rådgivarnettverk og hospiteringsordningar o.l.

Skolen vår leier fagnettverket for naturbruk for dei skolane som tilbyr dette utdanningsprogrammet. Dei hadde tre samlingar i løpet av året. Her får naturbruksskolane drøfte og dele erfaringar på tvers av skolane. Dei hadde oppe ulike tema som t.d. fagfornyng, vurdering for læring, lokalgitte eksamensoppgåver, ny teknologi, miljøomsyn og korleis rekruttere faglærarar. Ulike bedrifter var og invitert for å orientere om sine bedrifter og korleis dei jobbar med lærlingar. Også Marint kompetansesenter og Opplæring i bedrift var invitert til å orientere om sine bidrag.

Skoleåret 2023–2024 gjennomførte vi følgjande kompetansehevingstiltak:

Felles for heile lærarkollegiet:

- Studiedag i planleggingsveka for heile kollegiet i august:  
Tema var Drømmeskole-modellen
- Studiedag på OD-dagen i november:  
Tema var: Vidare opplæring i Drømmeskole-modellen og  
Kurs ved Bedriftshelsetenesta om korleis førebyggje sjukefråvær

- Individuell kompetanseutvikling:

Kompetanse for kvalitet:

Vi prioriterer vidareutdanning for å få fleire som kan dekke same fagområde (sårbart om det berre er ein), samt å gi breiare kompetanse til enkelte som gjer at dei kan dekke fleire fag:

Vikarordning:

- tre lærarar fullførte 60 stp i desse tre faga: kjemi, naturfag og økonomi.

- ein lærar tok 30 stp i matematikk

Stipendordning:

- ein yrkesfaglærarar fullførte praktisk-pedagogisk utdanning (PPU – Y)
- ein yrkesfaglærarar held på å ta praktisk-pedagogisk utdanning (PPU – Y)
- ein miljørettleiar held på å ta praktisk-pedagogisk utdanning (PPU – Y)
- to eksterne personar fekk innvilga rekrutteringsstipend til treårig yrkesfaglærarutdanning

DeKom yrkesfag:

- desentralisert ordning for etterutdanning i yrkesfag (DeKom):
  - tre yrkesfaglærarar deltok på hospitering i næringslivet/andre vgs



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)